



Finansdepartementet
Postboks 8008 DEP
0030 OSLO

Fråsegn til NOU 16-2019 Kraftskatteutvalet - ettersending av vedtak

FORM-005/20 Vedtak:

Sunnfjord kommune krev at

1. Regjeringa legg vekk utgreiinga, og fjernar den usikkerheit som er skapt når det gjeld kommunane sine budsjett, økonomiplaner og forvaltning av konsesjonskrafta.
2. Regjeringa kjem opp med forslag til skattesystem som fremjar utbygging av vasskraft og ivaretek vasskraftkommunane sine interesser og offentleg eigarskap.
3. Framlegg om å avvikle dei kommunale ordningane med konsesjonsavgifter og konsesjonskraft vert lagt vekk
4. Eigedomsskatt på vasskraftanlegg må framleis bereknast frå marknadsverdi, jf sktl. § 18-5
5. Reglane om grunnrenteskatt vert endra slik at den berre omfattar superprofitten
6. Det ikkje vert innført grunnrenteskatt på småkraft under 10 000 kVA
7. Friinntekta for utrekning av grunnrenteskatten vert auka med eit risikopåslag.

Førde, 03.02.2020

Med helsing

Med helsing

Øyvind Bang-Olsen
kommunalsjef

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Vedlegg:

Avgitt høringssvar
Fråsegn til NOU 16-2019 Kraftskatteutvalet



Saksframlegg

Saknr. utval	Utval	Møtedato
005/20	Formannskapet	23.01.2020

Fråsegn til NOU 16-2019 Kraftskatteutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune krev at

1. Framlegg om å avvike dei kommunale ordningane med konsesjonsavgifter og konsesjonskraft vert lagt vekk
2. Eigedomsskatt på vasskraftanlegg må framleis bereknast frå marknadsverdi, jf sktl. § 18-5
3. Reglane om grunnrenteskatt vert endra slik at den berre omfattar superprofitten
4. Det ikkje vert innført grunnrenteskatt på småkraft under 10 000 kVA
5. Friinntekta for utrekning av grunnrenteskatten vert auka med eit risikopåslag.

Sunnfjord kommunen meiner at

- kommunane sine inntektstap kan ikkje bli erstatta gjennom auka naturressursskatt
- kommunane sine inntektstap kan ikkje bli erstatta gjennom auka overføringar
- naturressursskatten bør takast ut av inntektssystemet for kommunane
- framlegg til endringar for kraftverkkommunane er i strid med Granavolderklæringa

Sunnfjord kommune ventar at regjeringa snarleg avklarar framlegga om dei kommunale skatte- og konsesjonsordningane, både på grunn av den usikkerheit utvalet har skapt når det gjeld kommunane sine budsjett og økonomiplanar, og for forvaltninga av konsesjonskrafta.

Sunnfjord kommune ventar at innspel til auka frådrag for kraftverk i dagens grunnrenteskattlegging vert gjennomført snarast.

Behandling i Formannskapet 23.01.2020:

Kommunedirektøren informerte om at det er nokre feil i saksutgreiinga knytt til tal og utrekningar. Dette vert justert før utsending av uttalen.

Senterpartiet v/Følling fremja følgande tilleggspunkt i første avsnitt:

- "Regjeringa legg vekk utgreiinga, og fjernar den usikkerheit som er skapt når det gjeld kommunane sine budsjett, økonomiplanar og forvaltning av konsesjonskrafta.
- Regjeringa kjem opp med forslag til skattesystem som fremjar utbygging av

vasskraft og ivaretek vasskraftkommunane sine interesser og offentleg eigarskap."

Avrøysting:

SP sitt framlegg, første pkt, vart **samrøystes vedteke**

SP sitt framlegg, andre pkt, fekk 8 røyster (SP, H, AP) og vart **vedteke**

Kommunedirektøren sitt framlegg, første avsnitt, vart **samrøystes vedteke**

Kommunedirektøren sitt framlegg, andre, tredje og fjerde avsnitt, fekk 1 røyst (MDG) og **fall**

FORM-005/20 Vedtak:

Sunnfjord kommune krev at

1. Regjeringa legg vekk utgreiinga, og fjernar den usikkerheit som er skapt når det gjeld kommunane sine budsjett, økonomiplaner og forvaltning av konsesjonskrafta.
2. Regjeringa kjem opp med forslag til skattesystem som fremjar utbygging av vasskraft og ivaretek vasskraftkommunane sine interesser og offentleg eigarskap.
3. Framlegg om å avvikle dei kommunale ordningane med konsesjonsavgifter og konsesjonskraft vert lagt vekk
4. Eigedomsskatt på vasskraftanlegg må framleis bereknast frå marknadsvardi, jf sktl. § 18-5
5. Reglane om grunnrenteskatt vert endra slik at den berre omfattar superprofitten
6. Det ikkje vert innført grunnrenteskatt på småkraft under 10 000 kVA
7. Friinntekta for utrekning av grunnrenteskatten vert auka med eit risikopåslag.

Eksterne referanser og relevante dokument:

Høyringsbrevet

<https://www.regjeringen.no/contentassets/48c20fac986743ab9e91649d5fec645a/horingsbr-ev--nou-2019-16-skattlegging-av-vannkraftverk-2172614.pdf>

Høyringsnotatet

<https://www.regjeringen.no/contentassets/48c20fac986743ab9e91649d5fec645a/nou-2019-16-skattlegging-av-vannkraftverk-2172316.pdf>

Høyringsuttale frå Landsamanslutning av Kraftkommunar

http://lvk.no/nyheter/lvks_horingsuttalelse_til_kraftskatteutvalget_-_nou_201916

Høyringsuttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

https://www.sfj.no/ato/esa62/document/framlegg-saknr97_2019-cat344489-mid119898_090602058f.19190437d19190437.0730cc2b85.pdf

Høyringsuttale frå BKK

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---nou-201916-skattlegging-av-vannkraftverk/id2670665/?uid=1f6c4958-d59b-463f-8f04-f325521c7e57>

Høyringsutvale frå KS

<https://www.ks.no/uttalelser-fra-landsstyret/landsstyret-gje-kommunane-rettmessige-inntekter-fra-lokale-ressursar/>

Granavolderklæringen

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/politisk-plattform/id2626036>

Andre merknader

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/dep/fin/pressemeldinger/2019/rapport-fra->

Forklaring på omgrep i saka

Nøytral skattar: Dette betyr at måten skattereglane er utforma på ikkje påverkar avgjerder om investeringar i ei næring i høve ei anna. Skattesatsar og skattereglar skal ikkje vri investeringar mot nokre næringar. Til dømes vil lik skattesats for alle næringsverksemdar verke nøytralt på investeringar. For oss som fellesskap representerer skattemotivert vriding samfunnsøkonomiske tap fordi færre gode prosjekt vert gjennomført.

Skatt på grunnrente: Skattesats utover ordinær sats (23%) på overskott (alminneleg inntekt) frå naturressursar vert kalla grunnrenteskattlegging. Omgrepet grunnrente vert nytta på ekstraordinært overskott på næringar som byggjer si verksemd på utnytting av naturressursar. Overskott, eller avkastning, i form av grunnrenta «tilhøyrrer fellesskapet» og oppstår ikkje som fylgje av fortrinn bedrifta sjølv skapar, men kjem frå verdien på naturressursen. Slik ekstra store overskott vert også kalla superprofitt.

Grunnrenteskattlegging: vert i dag ilagt på vasskraft (33%) og olje/gass utvinning (58%) av overskottet. Grunnrenteskatten vert ilagt i tillegg til ordinær selskapsskatt. Det er også kome framlegg om slik skattlegging på havbruk. For større vasskraftanlegg vert ein del av inntekta trekt frå skattegrunnlaget i samband med utmåling av grunnrenteskatten. Frådraget blir omtala i saksframlegget som **friinntekt**. Større friinntekt gjev større frådrag i skattegrunnlaget og mindre skatt.

Konsesjonsavgifter: Kraftverkseigar får plikt å betale ei årlig avgift til staten og kommunane som omfatta av utbygginga.

Konsesjonskraft: Kraftverkeigar vert pålagt å selje 10% av kraftverket sin produksjon til kommunen der produksjonen skjer til fastsatt pris frå NVE. I dag er konsesjonsprisen 10,99 øre for kraftverk med konsesjon som er gitt etter 1959. Kommunane kan selje krafta til marknadspris eller nytte krafta til formål som kommunen avgjer. Kommunane sine overskott på ordninga avhenger av kraftprisane.

Naturressursskatt: Kraftverk med produksjon over 10 MVA må betale naturressursskatt til kommune og fylkeskommune. Skatten er 1,3 øre per kWh. Naturressursskatten for kommunar vert samordna med andre skatteinntekter til kommunane. Gjennom ordninga med skatteutjamning til kommunane vert kommunar med høg naturressursskatt + ordinær skatteinntekt trekt med 60% av overskytande inntekt over gjennomsnittleg skatteinntekter pr. innbyggjar (på landsbasis). Mindre og mellomstore kommunar med store anlegg vil såleis oppleve at naturressursskatten vert omfordelt til andre kommunar.

Kva saka gjeld:

Regjeringa har sett ned eit utval for å vurdere skattlegging av vasskraftverk (NOU 16, 2019). NOU'en er første steg fram mot eventuelt lovframlegg. Etter handsaming av dette dokumentet kan regjeringa arbeide vidare med ei stortingsmelding. Stortingsmeldinga lagar grunnlag for lovendingar som kjem i ettertid.

Utvalet fekk slikt mandat;

«Produksjon av fornybar energi i Norge bør skje i et kraftmarked der kraftproduksjon bygges ut etter samfunnsøkonomisk lønnsomhet.... Vannkraftbeskatningen omfatter ordinær overskuddsbeskatning, eiendomsskatt, naturressursskatt og grunnrenteskatt, men næringen betaler også konsesjonsavgifter og avgir konsesjonskraft. Det offentlige eierskapet betaler ikke

skatt på kapitalinntekter. Kraftskattesystemet bør så langt som mulig bidra til at investeringer som er samfunnsøkonomisk lønnsomme før skatt, også er lønnsomme etter skatt. Videre kan utvalget se på om forskjell i beskatning mellom vannkraftnæringen og andre næringer skaper uheldige vridninger... Hovedoppgaven til utvalget er å vurdere om dagens vannkraftbeskatning hindrer gjennomføring av samfunnsøkonomisk lønnsomme vannkraftinvesteringer.»

Utvalet gjer framlegg om;

- *Kraftverk med samlet påstemplet merkeytelse under 10 000 kVA (nedre grense) er i dag fritatt fra grunnrenteskatt. Utvalet foreslår en redusert nedre grense på 1 500 kVA.*
- *For vindkraft bør det vurderes grunnrenteskatt og naturressursskatt. Kostnadene for vindkraft er fallende, og det er høy utbyggingstakt.*
- *Konsesjonskraft og konsesjonsavgift beregnes uavhengig av lønnsomheten. Ordningene har dermed egenskaper som bruttoavgifter og kan hindre selskapene i å gjennomføre samfunnsøkonomisk lønnsomme investeringer.*
- *Utvalget foreslår at grunnlaget for eiendomsskatt for vannkraftanlegg skal vere skattemessig nedskrevet verdi av driftsmidlene. (omlegging fra dagens system med taksering for mindre anlegg og beregninga av omsetningsverdi for større anlegg)*
- *En ønsket fordeling av kraftinntekter mellom staten, kommuner og fylkeskommuner, bør ivaretas gjennom egne ordninger for omfordeling, og ikke ved bruttoavgifter som svekker selskapenes investeringsinsentiv*

Utvalet vil legge om dagens ordningar med større vekt på nøytral grunnrente skatt og mindre vekt på konsesjonskraft, konsesjonsavgift og eiedomsskatt.

Utvalet grunngir endringane med at framlegget vil gje grunnlag for samfunnsøkonomiske lønnsomme investeringar. Etter utvalet si vurdering gjer dette at fellesverdien av fornybare ressursar blir høgare enn utan slike skatteendringar.

Framlegget vil føre til at grunnlaget for utrekning av skatt blir større (provenyutviding).

Kommunen sin inntekter frå eiedomsskatt, sal av konsesjonskraft og konsesjonsavgifter fell vekk med kraftskatteutvalet sine framlegg. Utvalet meiner det bør etablerast ei ordning med omfordeling mellom staten sin inntekter og kommunane sine.

På denne måten kan kommunane bli kompensert tap av omleggingane. Dette kan skje gjennom inntektssystemet eller med justering av naturressursskatten. Rapporten legg vekt på at fordelingsomsyn mellom stat og kommune kan ivaretakast.

Vurdering

Sunnfjord kommune har i dag slike inntekter frå kraftsektoren

- Eiedomsskatt - 10,5 mill. kr
- Sal av konsesjonskraft - 5,2 mill. kr
- Utbytte frå krafteselskapa - 27,2 mill. kr

Endringar i skattesatsar og skattegrunnlag for kraftsektoren har såleis mykje å seie for kommunen sitt inntektsgrunnlag. Samla tek kommunesektoren i mot 3,66 mrd. i

konsesjon- og skatteinntekter.

Ordningane med kompensasjon og skatt til lokalsamfunna frå kraftverka har ei 100 år lang historie. Lokalsamfunna har hatt tryggleik for inntekter ved å avstå naturressursar til vasskraftutbygging og tryggleik for stabil kraftforsyning.

I den seinare tid har grunneigarar utvikla tilleggsnæring gjennom å ta i bruk mindre vassdrag til kraftutbyggingar. Satsingane gjer at lokalt ressursgrunnlag kan utnyttast og legg til rette for lokal busetnad. Lokalt initiativ gjev positive bidrag til mogeleg fornybar energi og dannar grunnlag for reduksjon av bruk av fossile energikjelder.

Utbygging av mindre og mellomstore vassdrag representerer store investeringar for grunneigarane. Endringar i skattegrunnlag og skattesatsar har derfor stor innverknad på lønsemda på dagens anlegg og framtidige investeringar.

Sunnfjord har stor produksjon av kraft, og ny produksjon kjem til når Jølster utbygginga er ferdig. I vår region har det dessutan vore ei stor satsing på utbygging av småkraftverk. Kommunane har vore ei drivkraft i utvikling av vasskrafta og fornybar energi i vår region. Skal vi nå mål om reduksjon av klimagassutslepp, må skattlegging av kraftressursane legge til rette for investeringar i utviding og rehabilitering av eksisterande kraftverk.

Sunnfjord kommune ynskjer å halde fram med å vere ein føregangskommune på drift og utvikling av energiressursane. Vår motivasjon er å gje bidrag til naudsynt klimaomstilling gjennom erstatning av fossile kjelder med fornybar energi. Vi ynskjer å kunne hauste av lokalt ressursgrunnlag og bidra til meir fornybar energi til lokalsamfunnet.

Fram til no har vi hatt føreseielege rammevilkår. Vi vil ikkje kunne få til klimaomstilling utan arealinngrep. Dersom rammevilkåra som motiverer kommunane blir svekka vil ikkje prosjekta få same handsaming, og aksept lokalt vil ute bli.

Sunnfjord kommune meiner at utvalet sine framlegg har mange negative verknadar;

- Ordninga med konsesjonskraft og konsesjonsavgifter gjeld vassdrag med eksisterande regulering og påverkar ikkje den samfunnsøkonomiske lønsemda av planlagde energiltak.
- Kommunen sine konsesjonsavgifter og konsesjonskraft er nedfelt i gitte konsesjonar med omsyn på vilkår og lengde. Avvikling av ordningane er eit brot på samfunnskontrakten der utbyggingskommunar avstår naturressursar til energiproduksjon som storsamfunnet får nytte av. Endring av inngåtte avtalar og konsesjonar er i strid med grunnlova sitt prinsipp om forbod mot tilbakeverkande kraft.
- Utvalet sitt framlegg til at eigedomsskatten skal baserast på skattemessig verdi er i strid med gjeldande lov. Ved fastsetting av eigedom for eigedomsskatteformål slår eigedomskattelova §8 A-2 at det er eigdommen sin omsetningsverdi (marknadsverdi) som skal nyttast.

- Konesjonskraftordninga har i meir enn 100 år vore eit vederlag til kommunar med utbygging. Både Stortinget og Høgsterett har slått fast at ordninga skal sikre kommunane ein del av verdiskapinga.
- Kompensasjon for bortfall av konesjonskraft gjennom naturressursskatt vil ikkje sikre kommunen sin reelle del av verdiskapinga, og kommunane vil heller ikkje få ta del i auka produksjon av fornybar energi.
- Utbygging av vasskraft og rehabilitering av eldre kraftverk er avhengig av lokal aksept. Utan aksept for kompensasjon for tapte naturverdiar og del i verdiskapinga vil lokale styresmakter motsette seg ny energiproduksjon.
- Utvalet gjer framlegg til endra innslagspunkt for grunnrenteskatt frå 10.000 kVA til 1.500 kVA. Dette kan føre til at kraftanlegg som er i drift blir ulønsame og verdfull kraftproduksjon blir lagt ned. Nye småkraftprosjekt vil bli sett på vent. Småkraftverk utnyttar energipotensiale og medfører mindre naturinngrep. Småkraftverk har i liten grad «superprofitt» som gjer det legitimt å i legge grunnrenteskatt
- Framlegget er i strid med regjeringa si eiga erklæring frå Granavolden. Regjeringa har plikta seg til *«Det er avgjørende for å sikre vekstkraftige regioner i hele landet at man har et næringsliv som er i stand til å ta vare på og skape nye lønnsomme arbeidsplasser. Bærekraftig utnyttelse av naturressursar må også gi positive ringvirkninger for lokalsamfunnene»*.

Ein samla kommunesektor og energibransje går mot endringane som er foreslått. Landsamanslutning for vassdragskommunar har også peika på punkta over. Dersom Norge skal oppnå full elektrifisering er vi avhengig av meir utbygging av vasskraft. Bidrag frå ny produksjon, ikkje minst små og mellomstore anlegg, og rehabilitering av eldre anlegg er avgjerande

Sunnfjord kommune meiner det er naudsynt å få til investeringar også i eksisterande kraftanlegg. Næringa har i samband med merknader til kraftskatteutvalet teke fram uheldige verknader av dagens grunnrente skatlegging. Dei har fremja langt mindre drastiske endringar enn kva utvalet har gjort.

Dagens låge rente fører til at grunnlaget for utrekning av skatt frå selskapa er blitt vesentleg høgare enn for ei tid tilbake. Ein slik verknad gjer at investeringar som er lønsame for samfunnet blir ulønsame for kraftselskapet. Skatten blir for høg og hindrar gode prosjekt å bli realisert. Regulær vasskraft må derfor få betre rammevilkår slik at fleire anlegg blir modernisert. På denne måten vil uttak av restpotensialet i eksisterande anlegg faktisk skje.

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Øyvind Bang-Olsen
Kommunalsjef

